

Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

Referat

Dato:	Fredag 15.mai 2020, kl. 11:30 -14:30
Stad:	Møte var gjennomført som Teams-møte
Til stades:	Tord Moltumyr (Alver), Geir Lien (HB), Terese Folgerø (Alver), Leni Dale (Alver), Kjerstin Fyllingen (HDS), Frøydis Gullbrå (Modalen), Bente Orlèn Westervik (Brukarutvalet HB), Randi-Luise Møgster (HB), Malin Daae Steine (Masfjorden), Peter Kubon (Austrheim), Liv Berit Haukås (Fagforbundet), Jorund Stellberg (vara Brukarutvalet HDS), Nina Kvamme (Osterøy), Ingebjørg Søreide (Gulen), Grete Lill Hjartnes (SSE), Elena Sandgathe (SSE) og Anne Hildegunn Færøy (SSE).
Ikkje møtt:	Rebekka Ljosland (HDS) og Per-Arne Mehren (Brukarrepr. HDS)
Møteleiar:	Tord Moltumyr
Referent:	Elena Sandgathe og Anne Hildegunn Færøy

Saksnr.	Saker
15/20	<p>Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent utan merknader</p>
16/20	<p>Godkjenning av referat frå møte 19. februar 2020</p> <p>Vedtak: Referat godkjent utan merknader</p>
17/20	<p>Covid-19 – orientering frå koordineringsgruppa</p> <p>Randi-Luise Møgster gav ei kort orientering om koordineringsgruppa som er sett ned i samband med pandemien og korleis gruppa har arbeidd dei siste månadene. <i>Avtale om samarbeid ved pandemisk influensa</i> er lagt til grunn for dette samarbeidet, og skal bidra til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp under ein influensapandemi, samt sikre klare ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom partane. Terese Folgerø, Alver og Ingebjørg Søreide, Gulen er kommunane i NH sine representantar i koordineringsgruppa.</p> <p>Møgster viste til at etableringa av koordineringsgruppa er eit unikt samarbeid som har gitt partane et godt handlingsrom og mulighet er for å handterer pandemien på en god og trygg måte. koordineringsgruppa har valt å organisere arbeidet ved å etablere underutval for betre å kunne følgje opp dei ulike områda der det er behov for tett samarbeid og koordinering mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Dei tre underutvala som er etablert er:</p> <ul style="list-style-type: none"> – <i>Underutval personell</i>; har i fellesskap søkt å rekruttere personell med ulike kompetanse. – <i>Underutval forsyning</i>; samarbeid om fordeling av smittevernutstyr som er fordelt gjennom nasjonale ordningar. Gruppa har organisert og koordinert utlevering av utstyr og bidratt ved omfordeling av utstyr. Det er med utspring i denne gruppe etablert eit eige innkjøpsutval for kommunane, der alle kommunane i føretaksområdet samarbeider om innkjøp av utstyr som ikkje kjem gjennom den nasjonale ordninga.

	<p>– <i>Underutval pasientflyt</i>; bistår i koordinering og flyt av pasientar mellom kommunar og sjukehus.</p> <p>Fastlegar i Bergen har organisert seg i ei eiga pandemigruppe som koordineringsgruppa har kontakt med. Det i tillegg er etablert kontakt med kommuneoverlegar, smittevernoverlegar og PKO – desse vert også nytta til å spreia nødvendig informasjon til partane. koordineringsgruppa har fram til no hatt møter ein gang pr. veke. 5.mai vart det vedteke å halda fram med møter kvar 14.dag.</p> <p>PP som viser koordineringsgruppa si samansetting, organisering og oppdrag er lagt ved referatet.</p> <p>Dei kommunale representantane viser til godt samarbeid i koordineringsgruppa og underutvala. Samtidig vart det peika på at korte tidsfristar gjer at det er utfordrande å sikra god nok involvering og forankring hos partane undervegs i prosessen. Representantane i koordineringsgruppa ber alle melde frå dersom det er spørsmål eller merknader til det som står i sakslister og/eller referat.</p> <p>Det er behov for å definera forankringspunkt og struktur som kan handtera situasjonar som oppstår fortløpande.</p> <p>Det vart vidare gitt ei kort orientering om samhandlinga mellom Haraldsplass og Haukeland når det gjeld Covid-19 pasientar, og korleis dei vil organisere samarbeidet om pasientane ved ei auke i tal smitta som treng behandling på sjukehus.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
18/20	<p>Prioritering i kommunale helse- og omsorgstenester under covid-19 epidemien</p> <p>Møteleiar viste til at Helsedirektoratet i samband med Covid-19 har utarbeidd eit notat for prioritering i helse- og omsorgstenesta. Notatet rettar seg mot den kommunale helse- og omsorgstenesta og private verksemder med avtale om drift av sjukeheim og heimebaserte tenester. I dokumentet er det fleire punkt som omhandlar samhandling mellom kommune og spesialisthelsetenesta, og som partane i lag må finne løysingar for.</p> <p>Samarbeidssekretariatet har vurdert punkta i notatet og tilrår at koordineringsgruppa med underutval får i oppdrag å fylgja opp punkt i notatet som omhandlar samhandling og samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta.</p> <p>Brukarutvalet ved HDS stilte spørsmål ved om kommunane har sett ned etiske komitear for prioritering av hjelpebehov/helsehjelp. Alver kommune svara at dei er i prosess med etablering av ein slik komité. Det vart vist til at etiske problemstillingar også er diskutert i koordineringsgruppa.</p> <p>Brukarutvalet peika på at det er behov for meir informasjon om prioritering av helsehjelp, og at denne må gjerast tilgjengeleg på ulike måtar slik at innbyggjarane skal føle seg trygge.</p> <p>Det vart stilt spørsmål om det er mulig for pårørande å vere til stades ved livets slutt. Alver kommune har lagt til rette for dette gjennom heile pandemien. Det vart også vist til at det no vert opna opp for å kunne besøke de som bor på sjukehus.</p> <p>Det vart vidare vist til rettleiar for palliative pasientar, og at dette er godt kjent for kommunane.</p>

	<p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland støttar samarbeidssekretariatets tilråding og ber om at punkta i notatet frå Helse direktoratet som omhandlar samhandling og samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta vert vurdert og fylgt opp i koordineringsgruppa.</p> <p>SU NH ber vidare om at spørsmål og innspel frå brukarutvalet ved HDS vert tatt med i det vidare arbeidet.</p>
19/20	<p>Handlingsplan 2020</p> <p>Møteleiar viste til handlingsplan for 2020 og presenterte status for oppfølginga av prioriterte tiltak i planen.</p> <p>Pandemisituasjonen (covid-19), som starta i mars 2020 har ført til forseinkingar med fleire av tiltaka. Framover blir det derfor viktig å komme i gang igjen med arbeidet som no har stått på vent, og ein ber samarbeidsutvala vurdere kva tiltak som skal prioriterast.</p> <p>Samarbeidsutvalet støttar forslaget om at arbeidet med revisjon av Tenesteavtale 11 og 12(tiltak 1.4) og arbeidet med Særavtale om utdanningsløp(tiltak 1.5) vert gjeve særleg prioritet framover.</p> <p>Samarbeidsutvalet vurdere også at tiltak 2.3 <i>Pasientens legemiddelliste</i>(PLL) og tiltak 2.5 <i>Utarbeide retningsliner for lege til lege samarbeid</i> bør vere mulig å prioritere i 2020.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek status for tiltaka i felles handlingsplan 2020 til orientering, og støttar SSE si tilråding om at tiltak 1.4 <i>Revisjon av Tenesteavtale 11 og 12</i> og tiltak 1.5 <i>Særavtale om utdanningsløp</i> vert prioritert framover.</p> <p>SU NH tilrår vidare at tiltak 2.3 <i>Pasientens legemiddelliste</i> og tiltak 2.5 <i>Lege til lege samarbeidet</i> også blir prioritert i inneverande år.</p>
20/20	<p>Revisjon av Tenesteavtale 10 - Samarbeid om førebygging</p> <p>Tenesteavtale 10 om Samarbeid om førebygging trådte i kraft 01.07.2012. Revisjon av denne tenesteavtalen er eit av dei prioriterte tiltaka i Handlingsplan 2020.</p> <p>Samarbeidssekretariatet tilrår at det vert sett ned ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå brukarutval, kommunar og sjukehusa i føretaksområde, og at partane melder namn på aktuelle kandidatar innan 1.juni.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland støttar forslag til prosess for revisjon av Tenesteavtale 10 og melder namn på aktuelle kandidatar til Samarbeidssekretariatet innan 1. juni 2020.</p>
21/20	<p>www.saman.no - ressursar til utvikling og oppdatering</p> <p>Den nye www.saman.no er utvikla og publisert på ny plattform. Samarbeidssekretariatet (SSE) har med god hjelp og rettleiing frå kommunikasjonsavdelinga i Helse Bergen bygd opp og publisert innhald som vart prioritert/vurdert som mest nyttig å få på plass i startfasen. Bistand frå kommunikasjonsavdelinga i denne perioden har vore avgjerande for å få dette til. For å sikra at innhaldet til ei kvar tid er oppdatert og at kvaliteten er på høgde med innhaldet på andre samanliknbare nettsider peikar SSE på at det er ønske om og behov for ei formalisering av samarbeidet med kommunikasjonsavdelinga i Helse Bergen. Med bakgrunn i dette er det stilt spørsmål til partane om å setja av midlar til frikjøp av ressurs i Helse Bergen si kommunikasjonsavdeling for å bistå SSE i arbeidet med publisering og vidareutvikling av</p>

	<p>nettsida.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland støttar SSE sitt forslag om å setja av midlar til frikjøp av ressurs som skal bistå SSE i arbeidet med felles nettside, og sluttar seg til at kostnader vert fordelt etter gjeldande fordelingsnøkkel.</p>
22/20	<p>LKT prosjektet</p> <p>Leiar av styringsgruppa for LKT prosjektet, Randi-Luise Møgster gav ei kort orientering om at kjerneteamet for LKT prosjektet har ferdig stilt prosjektrapporten og overlevert denne til styringsgruppa. Styringsgruppa hadde møte 7.mai og vurderer rapporten som god og at den svarer på oppdraget. Rapporten er fylldig og det bli anbefalt at det vert utarbeidd ein kortversjon. Vidare vil styringsgruppa tilrå at rammeverket vert vurdert for utprøving i aktuelle lokale prosjekt. Det vart m.a. vist til <i>Helsehuset i Nordhordland og til Barneklinnkens prosjekt om avansert hjemmesykehus.</i></p> <p>Styringsgruppa har fatta slikt vedtak i handsaming av rapporten:</p> <p><i>Styringsgruppen godkjenner rapporten og anbefaler at LKT-prosjektets arbeid videreføres som skissert i alternativ 2.</i></p> <ul style="list-style-type: none">– <i>Ta i bruk kunnskap, erfaringer og løsningsforslag fra LKT-prosjektet i samarbeidspartenes utvikling og planlegging av tjenester til de fire pasientgruppene Helsefelleskapene er bedt om å prioritere. (Jf. Nasjonal helse og sykehusplan 2020-2035).</i>– <i>Styringsgruppen anbefaler at rapporten fra LKT-prosjektet gjøres tilgjengelig og at det legges til rette for at LKT-rammeverket prøves ut i lokalt utviklingsarbeid.</i>– <i>Styringsgruppen ber leder presentere styringsgruppens vedtak i de fire samarbeidsutvalgene i mai 2020.</i> <p>Kortversjon av rapporten er lagt ved referatet. Kortversjon og fullversjon av rapporten vert gjort tilgjengeleg på www.saman.no.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og tar den til vitande.</p>
23/20	<p>Utviklingstrekk i bruk av polikliniske konsultasjonar ved HDS</p> <p>Elena Sandgathe, rådgjevar HDS orienterte om utviklingstrekk ved bruk av polikliniske konsultasjonar ved Haraldsplass Diagonale Sjukehus (HDS), og viste til at det har skjedd ei dreining frå døgnbehandling til dagbehandling. Det vert arbeidd meir effektivt på sjukehuset, det er meir fokus på tverrfagleg behandling og oppfølging. Det vert arbeidd med god planlegging i forkant av konsultasjonane og det er fokus på å sikra nødvendig informasjon til fastlege, sjukeheim og heimesjukepleie i etterkant av konsultasjonen.</p> <p>Det vert arbeidd med å legge til rette for bruk av teknologi og gjennomføring av videokonsultasjonar der dette er forsvarleg.</p> <p>HDS er tildelt så-korn midlar for å jobbe for betre pasientopplevingar ved at undersøking og vurdering blir gjennomført på same dag. PP er vedlagt referatet.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>

24/20	<p>Avansert heimesjukehus for barn og unge</p> <p>Randi-Luise Møgster viste til sak om Avansert heimesjukehus for barn og unge i møte 20.september 2019dett i møte, og at dette er å sjå som ei oppfølging av denne saka. Det er søkt om midlar og tiltaket er sett i gang. Konkret så handlar avansert heimesjukehus om at om et team av sjukepleiar, spesialsjukepleiar og legespesialist gir behandling i pasientens heim. Sjukehuset reiser heim til pasienten og gir tenester der pasienten bur. Dette kan vidareutviklast til å bli eit samarbeidstiltak knytt til Helsehuset.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og tar den til vitande.</p>
25/20	<p>Orientering frå partane</p> <p>Kjerstin Fyllingen: Ved Haraldsplass vert det arbeid for å ta opp igjen normal aktivitet ved sjukehuset.</p> <p>Anne Hildegunn Færøy: viste til at bygginga av Helsehuset er i rute og at Covid-19 pandemien i liten grad har påverka framdrifta så langt.</p> <p>Randi-Luise Møgster: Orienterte om at Helse Bergen skal etablere ein laboratoriesatellitt i Helsehuset og at det opningstidene for Hud-poliklinikken i Knarvik vil bli utvida når dei flytter inn i det nye bygget.</p>
26/20	<p>Toppleiarmøte 2021</p> <p>Samarbeidssekretariatet orienterte at kommunane i Voss lokalsjukehusområde har tatt på seg oppgåva med å stå som arrangør for Toppleiarmøte 2021. Nærmare informasjon om tid og stad vert gitt i SU runden i september. Invitasjon og program vert sendt ut omkring november 2020.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek orienteringa til vitande.</p>
27/20	<p>Felles utviklingsplan</p> <p>Odd Ivar Øvregård som er tilsett som prosjektleiar presenterte utkast til prosjektdirektiv med framlegg til planprosess. Direktivet er ramma for prosjektleiar sitt arbeid og omtalar m.a. organiseringa av prosjektet.</p> <p>Prosjektleiar viste til at han i arbeidet med utviklingsplanen vil legge opp til stor grad av dialog, med opne prosessar og deltaking frå alle partar.</p> <p>Det vart vist til at partane i fellesskap er samde om at det er behov for ein slik felles utviklingsplan - eit felles rammeverk for samarbeidet mellom kommunane og spesialisthelsetenesta, og at det er det som er utgangspunktet for direktivet og prosessen det no vert lagt opp til.</p> <p>Prosjektleiar ber om innspel til korleis vi i fellesskap kan finne gode løysingar for å sikre forankring hos dei som er formelle interessentar, og ber om innspel til korleis dette kan gjennomførast i praksis.</p> <p>Innspel frå utvalet:</p> <p>Det vart vist til at det kan vera utfordrande å forstå kva planen skal innehalde, og at det vil bli lettare å gje innspel til dette når arbeidet med prosjektet blir tydelegare.</p> <p>Det vart stilt spørsmål ved tidsrammene og framdriftsplanen som er utarbeidd. Dette er</p>

	<p>viktig arbeid og det bør vurderast om prosjektet treng meir tid for å sikre nødvendig forankring i kommunane. SU NH ber styringsgruppa vurdere tidsrammer for å sikre nødvendig involvering og forankring i kommunane.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek orienteringa til vitande.</p>
28/20	<p>Eventuelt Ingen saker meldt.</p>